

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 1 2025

Tidspunkt: 5. februar, 2025, kl. 09.15 – 11.15

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Martin Sjøen (PF-5LU), Kjetil Børhaug (vara SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Kimberly Skjelde (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-LLE), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Marthe Hatlen Grønsveen (observatør, fagleg praksiskoordinator), Bo Byrkjeland og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meldt forfall:

Line Hilt (PF-PPU), Monica Håkonsli (VLFK), Katharina Sass (SV), Steinar Sætre (KMD), Thashany Pratheepan, Karine Holthe Børstad og Katrine Aske (studentrepresentantar frå FIL)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 11. desember 2024

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt: ingen

Orienteringssaker

Sak 1/25 Lærernes dag

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 2/25 Rekruttering

Kommentarar og spørsmål som kom fram i saka:

Ved Det psykologiske fakultet (PF) er det ei arbeidsgruppe som jobbar med oppretting av deltids-PPU. Dersom dette blir oppretta vil det vere behov for å be lektorsenteret om hjelp i rekrutteringsarbeidet. Det kom fram ønske om meir informasjon og involvering i planlegginga sidan eit eventuelt deltids-PPU også vil involvere praksis og fagdidaktikk.

Fakultet for naturvitenskap og teknologi (NT) lyser ut plassar til den nye profesjonsretta masteren med PPU. NT og lektorsenteret vil ha eit møte for å drøfte mogleg bidrag i rekrutteringsarbeidet til dette programmet.

Sak 3/25 150 dagar med ny studiemodell

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 4/25 Praksisbesøk i pedagogikk våren 2025

Status er at det våren 2025 ser ut til å ikkje bli praksisbesøk i pedagogikk i den 5-årige lektorutdanninga. Unntak vil gjelde tvilssaker og allereie avtalt praksisbesøk i utlandet.

Det kom fram at prosessen i denne saka var kritikkverdig. Det normale ville vere i slike saker ville vere at ein hadde ein prosess innanfor rammene av styringsstrukturen.

Det vart uttrykt uro for kva presedens denne saka, og særleg framgangsmåten, kunne skape for andre fakultet/institutt som også ønske å gjere innsparingar. Då kunne ein lett få tilfeldige tiltak som fekk konsekvensar for heilskapen. Saka illustrerer utfordringar med ei lektorutdanning som er tverrfakultær, samtidig som økonomien er fakultær.

Det kom fram spørsmål om legaliteten til det som hadde skjedd, og korleis reaksjonane hos studentane ville bli.

Det vart generelt uttrykt støtte for at praksisbesøk var fagleg verdifulle og viktige for kontakten med skulane, Samtidig ville det vere nyttig at praksisbesøka og praksisoppfølging vart drøfta og gjennomgått på nytt, og sett i samanheng med lektorutdanninga som heilskap.

Sak 5/25 Nytt system for kompetanseutvikling for lærarar

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 6/25 Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2025

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 7/25 Spørjeundersøking om val av fag 2 ved HF/SV

Det er uheldig at *Politikk og forvaltning*, som fag 2 ikkje kom med i undersøkinga. Det kom også innspel om at det hadde vert ønskjeleg at undersøkinga hadde inkludert spørsmål som omfatta eit fag 3; om studentane allereie har eit tredje fag eller har planar om det etter fullført utdanning. Det vart samtidig poengtert at det var HF i samarbeid med SV som stod bak undersøkinga, ikkje programstyret eller lektorsenteret.

Felles programstyre tok saka til orientering.